

# Forvaltningsplan for gås i Bjørnafjorden kommune

## **Innleiing**

Bjørnafjorden kommune har ein variert geografi, frå fjellområder til kyst. Langs kysten er det område med skog og dyrkamark som dominerer. Landskapsbilete er prega av mange holmar. Grågåsa (*Anser anser*) er i stor grad knytt til kystområde, og hekkar som oftast i nærleiken av sjø og vann. Grågåsa er ein heimehøyrande art i Hordaland. Bestanden i Hordaland og Fusa har auka mykje dei siste 10 åra. Grågåsa har etablert seg som hekkefugl i nærleiken av jordbruksområda og dette har før til eit stort problem med beiteskadar og tilgrising av areal. Total bestand innafor Bjørnafjorden kommune si grense er truleg rundt 200-250 vaksne fuglar.

Kommunen ønskjer å få ein meir målretta forvaltning av gåsebestanden i kommunen. Det skal vera ein levedyktig bestand, samstundes som det ikkje skal gå så hardt utover landbruket som dagens situasjon.

Fylkesmannen i Hordaland utarbeida i 2008 ein forvaltningsplan for gås. Denne skildrar utviklinga og utbreiinga av gås i fylket. Den tar også opp utfordringar knytt til gåseskadar og det vert sett rammer for korleis kommunane kan lage forvaltningsplanar.

Planen gjev eit oversyn over skadesituasjonen, lovgjeving og forvaltning. Det vert på bakgrunn av dette lagt fram moglege tiltak med basis i kva ein kan gjera innan dagens regelverk. Planen legg opp til at bestanden av grågås skal reduserast i fleire delar av kommunen.

## **Historikk.**

Grågåsa vart fyrst observert i vårt område rundt år 2000. Før dette hadde det berre vore sporadiske observasjonar i kommunane. Dei seinaste åra har bestanden auka monaleg. Grågåsa sitt naturlege vinterområde er Belgia, Nederland og Spania. Dei fyrste observasjonane av gås hjå oss er oftast i byrjinga av mars.

Hausttrekket byrjar tidlegare no enn før og årsakene til dette er truleg ein kombinasjon av fleire faktorar. På trekket nordover stoppar gåsa ein månad eller to i Nederland. Ein tidlegare vår dei seinare åra, har gjort at vekstsesonen startar tidlegare og gåsa kan nytta tida i Nederland til å bygga opp kondisjonen og trekka nordover tidlegare enn før. Når gås hekker tidleg førar det med seg at hausttrekket startar før. På 70-tallet starta trekket midt i september. Frå midt på 80-tallet har trekket starta tidlegare og tidlegare, og no er trekket mange stadar i gang tidleg i august eller seint i juli. Høgt jaktrykk kan forsterka denne effekten ved at gjæsene vert skremt til å trekke sørover allereie ein dag eller to etter at jakta har starta.

I følge fylkesmannen i Hordaland vart det ikkje registert nokon hekkeplassar for grågås i Fusa i 2007. Dette stemmer dårleg med den lokale oppfatninga, om at hekking begynte tidlig på 2000 talet. Det at det ikkje var registert hekkelokalitetar i Fusa skyldas mest sannsynleg mangel på registreringar.

I 2009 vart det registert 6-7 hekkeplassar i Fusa, i 2011 var talet oppi 7 sikre og 2 usikre hekkelokalitetar.

Landbrukskontoret har i samarbeid med Fusa jakt og fiskelag og Os jakt og fiskelag registert gås i Fusa og Os i 2009 og i 2011. Det var og utførd teljing av gås gang i mai 2012 i Fusa. Her var det ei auke i tal vaksne gås registrert mot det som var registrert i 2009 og 2011.

Som skadegjerar vil gåsa opptre på to måtar, som hekkande gås og som ungfugl/ikkje hekkande. Desse to gruppene vil opptre på ulike måtar.

- Den hekkande gåsa vil i hekkeperioden beite på areal i nærleiken av reirplassen. Når egga vert klekte, vil gåsa samle seg i flokkar i bukter/viker og gå opp på land for å beite i periodar av døgeret. Vaksne gås og ungar vil beite i eit belte på opp til 100 meter frå fjøra og flokkane vil konsentrere seg i bukter/viker med beitande areal på landsida. Desse flokkane beitar ofte på meir eller mindre faste plassar, men dei kan ha alternative plassar å beite på dersom dei vert forstyrra på dei faste plassane.
- Flokkane av ungfugl vil streife omkring til eit stykke ut i juni då dei startar fjørfelling (før mytinga). Før mytinga startar kan desse flokkane gjera stor skade på fyrsteslåtten dersom dei får beite i fred. Ikkje hekkande par vil forlate området og kan vende tilbake etter mytinga, frå midten av juli. Når ungane er flygedyktige i juli vil hekkande gås og unggås kunne samlast og gjera store skader på andre slåtten.

### **Rammer for forvaltninga av gås i Bjørnafjorden kommune.**

Jakttida på grågås er regulert gjennom forskrift om jakt og fangsttider samt sanking av egg og dun frå 1 april 2017 til og med 31 mars 2022 (FOR-2017-01-25-106). For grågås er denne sett til 10.08-23.12. Etter §3 punkt 1 om delegering av myndighet, kan fylkesmannen opne for jakt på grågås inntil 15 dagar før ordinær jaktstart når det ligg føre ein lokal forvaltningsplan. I denne perioden kan det berre jaktast frå kl. 04.00 til kl. 10.00.

Den same forskrifta omhandlar og retten til sanking av egg og dun. For grågås kan grunneigar/brukar sanke egg frå reir fram til 15 april. Fylkesmannen kan opna for sanking inntil 15 dagar seinare enn dette der det inngår i ein lokal forvaltningsplan for grågås.

Tidlegare jaktstart og seinare eggsanking må fastsetjast gjennom ei eiga føresegn.

Kommunen kan gje løyve til felling av grågås som gjer skade gjennom forskrift om felling av viltartar som gjer skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon punkt IIB. Dette er ikkje eit middel for bestandsdesimering, men til skadeavgrensing på området det er

påvist skadar . Det skal rapporterast frå skadefellinga, og det stillast krav om at andre førebyggjande tiltak er sett i verk for å forsøka å avgrense skaden.

### **Skildring av skade**

Ein kan dela inn skadane som gåsa gjer i tre.

1. Tap av plantemasse som gåsa beitar eller trakkar ned
2. Langsiktige skadar som følge av selektiv beiting, dei gode artane med tanke på fôrqualität går ut og areala vert dominert av mindreverdige artar, dette førar til tap av mengde og kvalitet.
3. Tilgrising av fôret med ekskrement.

Vurdering av skadeomfanget kan vera vanskeleg. Lite omfattande skadar har lett for å verte overvurderte, då den relative delen av plantemassen er minst i toppen og gåsa beitar frå toppen av grasstråa. Store skadar kan på den andre sida verte undervurderte. I tillegg til den direkte beiteeffekten har ekskrement i fôr og effekten dette har på fôropptak hjå husdyr og på silo vore drege fram som ein negativ faktor. Det er ikkje funne dokumentasjon på øydelagt fôrqualität på grunn av skit. I gåsemagen vert cellene i graset knust og cellesafta vert trekt ut. Slik er gåseskiten så godt som reint gras tilsett litt urinsyre, fri for bakteriar som kan medføra feilgjæring ved ensilering.

## Registrering og observasjonar av grågås i Fusa og Os.




Fig 1. Kjende lokalitetar med grågås og beiteskadar i Os.




Fig.2 Markeringar med raudt er lokalitetar i Fusa kommune kor det er fast tilhald av grågås i perioden mars til august.

Den største skadeproblematikken er i Åndlandfjorden, Eikelandsfjorden og Fusahalvøya.

<b>Registrering av gås</b>	<b>2009</b>			<b>2011</b>		
<b>Lokalitet</b>	<b>Ant Gås</b>	<b>Ant reir</b>	<b>Ant egg</b>	<b>Ant Gås</b>	<b>Ant reir</b>	<b>Ant egg</b>
<b>Første teljing</b>						
<b>Holme Ytstaneset</b>	8					
<b>Samnøyholmen</b>	30			16	3	14
<b>Ådlandsholmen</b>				6	2	8
<b>Austestadholmen</b>	4	2	7			
<b>Austestad</b>	9			10		
<b>Bergsholmen</b>	4	4	22	21	12	58
<b>Bergegrend</b>	11			12		
<b>Djupedalen</b>	3					
<b>Gjerdevik</b>	18					
<b>Klemensholmen</b>	26	7	39	24	10	53
<b>Skjørsand</b>	14			25		
<b>Skotholmen</b>	5	2	6			
<b>Strandvik (stegleholmen)</b>				11	4	17
<b>Skogseidvatnet</b>				10		
<b>Sum</b>	132	15	74	135	31	150
	<b>2009</b>			<b>2011</b>		
<b>Andre teljing</b>	<b>Ant vaksne</b>	<b>Ant ungar</b>		<b>Ant vaksne</b>	<b>Ant ungar</b>	
<b>Samnøyholmen/sjøen</b>	7	24		18	42	
<b>Årlandsfjorden</b>	2	7				
<b>Austestad</b>	12	37		47	119	
<b>Bergegrend/Bergeholmen</b>				12	31	
<b>Gjerdeviksflua</b>	12	33				
<b>Gjerdevik - Fusavika</b>	14	38		23	62	
<b>Saltneset</b>	8	26				
<b>Skjørsand</b>				16	36	
<b>Strandvik</b>				7	20	
<b>Henangervatnet</b>				8	14	
<b>Skogseidvatnet</b>				14	37	
<b>Sum</b>	55	165		145	361	

Teljing av gås i Fusa kommune frå 2009 og 2011

Bestandssituasjon.

Pr no er det sannsynlegvis 60-70 hekkande par i Fusa. Det er også eit tal ikkje-hekkande gås som bruker områda. Dette er mest sannsynleg ungar frå tidlegare år.

Vi har ikkje registrert hekkeplassar i Os kommune. Det er observert par med ungar men vi har framleis ikkje klart å lokalisere hekkeplassane.

Grågåsa i Fusa ser ut til å føretrekke å hekke på holmar i sjø, og eventuelt i ferskvatn (Skogseidvatnet). I dag er det registrert hekking på 6-7 holmar i sjøen frå Samnøy til Strandvik. Det er i dessa område vi har dyrkamark som går mot sjøen.

Beiteskadar av gås er registrert på dyrkamark langs fjorden frå Samnøy i nord til Hjartnes i sør. I Os er det i tillegg til dyrka mark langs fjorden, beiteskader på dyrkamark som ligg til Ulvenvatnet og Oselva

Gåsa gjer stor skade for nokon få bønder som har dyrka mark ned mot sjøen. Det synar at gåsa føretrekk beite av høg kvalitet som ligg tett ved vann. Det verkar som gåsa føretrekk plassar kor ho kan gå frå vatnet og opp på dyrkamark. Bratt og ulendt terreng mot dyrka mark kan verka som buffer mot gåsa.

Gåsa begynner ofte å beite på den fyrste groen om våren, dette medfører ofte stor skade på avlingane.

Bestanden av kanadagås i Fusa er varierende, så langt i 2011 er det ikkje meldt om observasjonar av Kanadagås. I 2009 var det hekking av kanadagås ved Sundvord sør i kommunen. Det har tidvis vore små flokkar med kanadagås i Ådlandsfjorden. Desse har gjort skade på same måte som grågåsa. Det er ikkje meldt om observasjonar av kanadagås i våre kommunar dei siste åra.

Kanadagåsa er ein framand art i kommunen og bestanden skal haldast på eit minimum.

## **Moglege tiltak**

### **Eggplukking**

Grunneigar/brukar kan sanke egg frå grågåsreir fram til 15 april. Fylkesmannen kan opna for sanking inntil 15 dagar seinare enn dette der det inngår i ein lokal forvaltningsplan for grågås

Det bør gjennomførast koordinert eggplukking, mellom 15 og 25 april. Dette vil gå føre ved at 2 -4 egg vil verte fjerna frå kvart reir ein finner. Grågåsa legg normalt 4-6 egg. Ved å fjerne 2-4 egg vil ein redusere tal ungar med 50-70 %. Over mange år vil dette hjelpe til med å få kontroll over bestanden av grågås. Det bør minst vere 2- 3 egg igjen i kvart reir. Om ein plukkar alle egg vil foreldra ikkje verte stoppa av gjerde mellom vatn og innmark

Eggplukking er den mest effektive måten for å redusera tilvekst i bestanden. Dette må likevel gjennomførast på ein kontrollert og koordinert måte, der det kvart år vert rapportert om kor mange egg som er plukka og kor mange reir ein finn. Dette vil og gje ein oversikt over utviklinga av bestanden.



Punktering av egg er ikkje forsøkt i våre kommunar men er nytta andre plassar. Dette må søkast om på same måte som skadefelling.

### **Sperregjerding for kullgås mellom vatn og innmark**

Ein kan for flokkane med ungar ha effekt av eit nettinggjerde langs vasskanten som ungane ikkje klarer å komma seg gjennom. Dette gjerdet bør settast nokre meter inn på innmarka slik at ein avgrensar området som gjæsene beitar på. Dette tiltaket kan ha effekt inntil ungane er flygedyktige ved om lag 8 vekers alder.

Dersom arealet på nedsida av gjerdet er attraktivt nok for kullgåsa, vil gjerdet kunne redde den fyrste avlinga. Når ungane er flygedyktige, har sperregjerdet ingen effekt.

### **Opparbeiding av alternative beiteareal.**

Skal sperregjerder mot kullgåsa ha verknad, må det opparbeidast eit areal mellom gjerdet og vatnet der gåsa kan beite. Desse areala må beitast av husdyr eller pussast/slåast for at dei skal vere attraktive nok for gåsa. Der dei alternative beiteareala er attraktive nok vil sperregjerde kunne ha god effekt

### **Fugleskremsler**

Det hare vore forsøkt med ulike typar skremsler i området. Det vi har hatt best effekt av er rovfugllikande drage. Dette hadde ein god effekt ein god stund men dei langvarige effektane er usikre.

Som skremslestiltak flest kan gåsa etter kvart venne seg til slike tiltak. Variasjon og flytting av skremsel kan gje effekt i lenger tid.

### **Tilrettelegging av jakt.**

Jakttida på grågås er sett til 10.08-23.12. Vi ser at gåsa i vårt område startar haustrekket i tida rundt 10. august. Dette gjer at ordinær jakt har hatt liten effekt i vårt område.

Dersom jakta skal vere effektiv må det leggjast til rette med mellom anna skjul som ein kan gøyme seg i og som kan stå ute heile året slik at gåsa er vane med dei.

## **Skadefellingsløyve.**

I høve til skadefellingsforskrifta skal ikkje skadefelling nyttast som bestandsregulerande tiltak. Skadefelling er eit effektivt tiltak men skal berre nyttast som siste utveg.

For at kommunen skal kunne gje skadefellingsløyve skal skaden vere av betydeleg økonomisk karakter. Ein må også ha prøvd andre tiltak før ein søker om skadefelling. Skadefelling kan berre gjevast på eit avgrensa område på dyrka mark. Skadefelling skal ikkje fungera som ei «lokal jakttid eller vera bestandsregulerande» jf. forskrift om skadefelling.

Det har kvart år vert gjeve nokre løyve til skadefelling av gås i Fusa og Os. Nokon løyve på våren før hekking og flest løyve på sommaren etter at ungane er flygeferdige.

## **Hovudmål.**

Fusa og Os kommunar ønskjer ein bestand på 20-25 hekkande par i dei to kommunane samla sett. Fordelt på dei ulike lokalitetane vil dette sei 2-3 hekkande par pr lokalitet. Fleire av lokalitetane har i dag 8-12 hekkande par.

Tal ikkje-hekkande fugl skal haldast på lågt nivå.

## **Verkemiddel**

Bjørnafjorden kommune skal medverka til at det kan utøvast jakt på grågås som kan gje eit friluftstilbod til ålmenta og eit økonomisk bidrag til grunneigarane. Inntekt frå sal av jaktkort kan vera med å førebygga eller kompensera for beiteskadar og sikre driftsgrunnlaget for gardbrukarane i dei skadeutsette områdene. Enkeltbrukarar skal ikkje påførast urimelege økonomiske eller arbeidsmessige ulemper. Det er ein opning for at ein kan søka det kommunale viltfondet for kartlegging av bestanden og hekkeområde. Viltfondet kan og nyttast til skadeførebyggande tiltak.

## **Tiltak**

1. Tidlegare jaktstart og sanking av egg.  
Det vert fastsett ei føresegn for Bjørnafjorden kommune om tidlegare jaktstart på grågås 26. juli. I føresegna vert det og opna for seinare eggplukking. Det vert utarbeidd retningslinjer for organisering og registrering.
2. Friområde.  
Det vert jobba vidare for å opprette friområde for gås på ein eller fleire plassar i kommunane.

3. Sette opp gjerde mellom innmark og vatn.  
Gjerding med nettinggjerde for å halde gås med ungar på avgrensa områder av innmarka ned mot vatn. Det kan søkast om tilskot frå det kommunale viltfondet til dette.

4. jakt på grågås

Gåsejakta skal regulerast på følgjande måte:

Dagar	Tid på døgeret	områdeavgrensing
26. juli- 9 august	04.00-10.00	Innmark med maskinell hausting, gjødsla innmarksbeite, smat randsoner på 30 meter kring desse
10. august- 23. desember	Heile døgeret	Ingen

5. Fellingsløyve for skadefugl

Utanom jakttidene kan det verte gjeve fellingsløyve for gås som beitar på engareal, som resulterer i betydelege økonomiske tap for gardbrukar. Det vert atterhald om at vilkåra for å gje skadefellingsløyve er oppfylt.